

## TRE BREV FRÅ KRIGEN

Fredag 13 april, 1940

Kjære Solveig,

Vi er no eit stykke opp for (sensurert). Eg er i 2. kompani og der er det flest kvinnheringar. Vi er no snart utrusta, og då skal vi vel eit stykkje til. Vi veit ikkje noko om krigen nesten, so de veit meir de som er heime. Vi har hatt det roleg å bra til denne tid, og det får vi vel med det fyrste. Olav Myklebust såg eg, men Kåre har eg ikkje sett, han er vel på ein annan mo. Dei sa at dei skaut ned eit tysk fly igår då vi var på (sens.), der var ein 7-8 fly fly igår. I dag har vi ikkje sett nokon.

Eg håpar at de er friske alle saman, Gunnvor og Steinar og. Det blir vel vanskeleg for doke å klara dokke i vårarbeidet, men eg håpar det går nokonlunde med det viktigaste so får det gå so gsdt det kan. Du får no skriva på koprativen, so får du leiga folk når du treng. De får prøva å slå oss igjennom so godt de kan so vil vel dette ordna seg.

Eg lengtar etter dokke. Eg håpar berre at de får vera friske. So må de leva bra alle saman; mor og Gunnvor og Steinar, og du Solveig. Hels alle saman heime.

Helsing frå Sverre

Onsdag 17-4, 1940

Kjære, Kjære Solveig og Gunnvor og Steinar og mor.

Eg lengtar so mykje etter doke alle saman. Vi har hatt det svært godt til denne tid. De får no ikkje vita kor vi er, og dersom de skriver so må de ikkje skriva noko om krigen.

Eg håpar eg får høyra frå doke. Det hadde vore svært gildt om eg hadde fått bilede av doke. Eg håpar de klara doke nokelunde både med arbeid og pengar.

Masse helsing til alle frå Sverre

Adr.: 7893 Myklebust

kp2/I IR10

6. feltpostkontor

Kåre er saman med meg

Tirsdag 23. april 1940

Kjære Solveig og Gunnvor, Steinar og mor.

Eg lengtar so etter doke. Det er nesten det som er det verste av alt. Eg håpar at de får so mykje mat at de lever, og Gunnvor og Steinar er vel so nokelunde friske, håpar eg. Det hadde vore kjekt og haurt frå doke. Alt der heime må de sjølv ordna so godt de kan. Pengar får de vel ikkje tak i meir, so det blir vel ikkje so greit for doke. Vi har det bra, av og til kan det vera travelt.

Det er forferdelege tider for alle. Kåre er eg saman med kvar dag og Kristoffersen frå Musland. Finn er andre stader.

Eg lengtar so masse etter doke dag og natt. Gjev eg kunne koma heim og sjå doke att. Eg håpar de klarar doke nokelunde.

Mykje helsing til alle frå

Sverre